



Konfirmantane frå mai 1967 er blant dei inviterte til festen.

Soknerådet inviterer til konfirmantjubileum i helga. Mange av 50, 60 og 70 års jublantane møter alt i kveld på temaforedrag ved Jørn Øyrehagen Sunde og orgelspel og song ved Peder Sjo Slettebø Sjo og Lina Haaland. I morgon, laurdag, er det bygdevandring og sosial samling etterpå. Det heile vert avslutta på sundag med gudsteneste og middag på restauranten OSKA.

Dei som vart konfirmerte i 1946 og 1947, vert rekna som 70 års jubilarar. Frå denne gruppa er fire påmelde. Det er sjølvsagt best påmelding frå dei som høyrer til gruppa 50 og 60 års jubilarar. Soknerådet er nøgd med ei total påmelding på 40.

Frammøte til Bygdevandringa er ved Gamleskulen kl. 15. Turen går med buss og det er mellom anna lagt inn stopp på Bygdetunet Rød der det vert møte med kunstnar og forfattar Aud Myklebust. Turen på dalen går til Friheim og retur til Bedehuset, der det vert høve til å få kjøpa mat som om du gjekk på Kafe Tiaren. Det vert lagt inn ein kort stopp ved Vonheim, dersom nokon vil inn i den gamle skulestova.

På gudstenesta sundag vert det ein kort presentasjon. Det nye konfirmantkullet vert med på gudstenesta og det

er dåp. Bilete over syner konfirmantane frå 1967. Redaksjonen er takksam om du sender oss bilete frå dei andre konfirmantkulla.

Tekst: Kristian Bringedal
Foto: Harald Sætre
Nett: Thor Inge Døssland